


058

FISKERI-  
REKTORATET  
BIBLIOTEKET

23 NOV. 1993

ÅRSMELDING 1992 FOR  
FISKERIRETTLEIAREN  
I  
ASKVOLL,  
FJALER OG HYLLESTAD



Alden eller Norske hesten i Askvoll kommune.

Søg 78 v  
DP  
et  
Et  
FJ ✓  
FBL  
Bibl.

NÆRINGSKONTORET I ASKVOLL, oktober 1993

# EI ORIENTERING OM DISTRIKTET

## ASKVOLL KOMMUNE

Askvoll som er ein typisk kystkommune i Sogn og Fjordane med ca. 870 øyar og skjær, kan totalt sett reknast som den tredje største fiskerikommunen i fylket.

Askvoll har eit flateinnhald på ca. 276 km<sup>2</sup> og er ein kommune dominert av fjell, jordbruksområde og livskraftige øysamfunn. Ein tredjepart av innbyggjarane i Askvoll bur på nokre av dei 870 øyane i kommunen.

Kontoret til fiskerirettleiaren for Askvoll, Hyllestad og Fjaler er som kjent plassert i Askvoll sentrum på Næringskontoret.

Folketaket var 01.04.91 **3541 innbyggjarar** og av desse var totalt 1724 arbeidstakarar i 1992. Det var i desember 1992 ei arbeidsløyse på (78 personar) 4,7 % i Askvoll. Dette gir ein nedgang på 0,3 % samanlikna med desember året før. (Etter nedlegginga av Norway Foodsfabrikken 01.01.93 auka arbeidsløysa mykje i høve til dette).

Storparten av fiskarane i Askvoll har fiske som eineyrke. Av dei 1724 arbeidstakarane i Askvoll var 154 registrerte som yrkesaktive fiskarar (blad B) i 1992. Dette tilseier at ca. 9 % av arbeidstakarane i Askvoll er direkte knytt til fiske. I tillegg til dette kjem dei som har vore yrkesaktive fiskarar, eller driv fiske på deltid (blad A) og arbeidsplassar inndirekte knytta til fiske (fiskeindustri, fiskemottak, verkstad osb).

Askvoll kommune vedtok i 1992 å sette i gang med utarbeidninga av ei kystsoneplan noko som er svært viktig for forvaltinga av kystområda. Kystsoneplanen er venta lagt ut til høyring i oktober 1993.

## FJALER KOMMUNE

Før kommunereguleringa hadde ikkje Fjaler kommune nokon lang grense mot sjøen. Etter kommunereguleringa fekk Fjaler derimot 3 fleire oppdrettsanlegg og ein god del fiskarar samt eit kystområde som praktisk talt går ut mot havet. Etter kommuneregulering har Fjaler fleire fiskebåtar og yrkesaktive fiskarar enn Hyllestad. Fjaler har ca. 2500 innbyggjarar.

Det er ein kommune med variert natur og næringsliv som satsar på å marknadsføre seg sterkt som ein kulturkommune.

I dei fleste kystkommunane har fiske og landbruk tildlegare vore ein viktig kombinasjon, den såkalla "fiskarbonden". Fiskeriaktiviteten i Fjaler er meir prega av denne kombinasjonen enn i Askvoll der storparten av fiskarane har fiske som eineyrke.


## **HYLLESTAD KOMMUNE**

Hyllestad vert som Askvoll geografisk å rekna for ein kystkommune, men dei heilt typiske kystområda med øyer og skjær er begrensa til den nordvestlege delen av kommunen.

Hyllestad er ein stor oppdrettskommune med 6 matfisk og 6 klekkeri/settefiskkonsesjonar. Kystlinja langs fastlandet i Hyllestad er 118 km lang og kommunen har eit flateinnhald på ca. 260 km<sup>2</sup>.

Folketalet i Hyllestad pr. 01.01.91 var **1733 innbyggjarar**. Talet på innbyggjarar har gått jamt nedover sidan midten av 1980-åra. Hyllestad har eit dramatisk kvinneunderskot, og i aldersgruppa 20-29 år er det registrert 45 % meir menn enn kvinner.

# Kart over kommunane.



## 1.0 SAMANDRAG

For fiskarane i desse kommunane var 1992 eit år prega av svært lage prisar og leveringsvanskjer. Kor nytt dette fenomenet er kan sikkert diskuterast, men likevel meinar fiskerirettleiaren at det har vore mogleg å spora ei viss optimisme i 1992. Ressursane er stabile eller i vekst (sild, makrell og sei) og kvotane i 1992 har vore større enn året før.

Lage prisar og leveringsvanskjer saman med andre faktorar som høge kapitalkostnad, truslar om nedlegging av frakterute m.m. gjev samla sett eit dårlig grunnlag for vidare planlegging (til dømes investeringar i fartøy).

Når det gjeld oppdrettsnæringa i 1992 var den framleis prega av dei därlege åra 1989-1991. Det var fleire konkursar innan oppdrettsbransjen i desse kommunane i 1992. Ein viss optimisme var likevel til stades og oppdrettarane gav inntrykk av at næringa no (med varierande mén) hadde kome over knekken etter konkursen til FOS.

## 2.0 SYSSELSETJING I NÆRINGA:

### 2.1 SYSSELSETTING I FISKEFLÅTEN:

#### Statistiske opplysninger frå fiskarmanntalet pr. 31.12.92.

Antal fiskarar fordelt på alder i dei ulike kommunane. Basert på tal frå Fiskeridirektoratet:

BLAD A								
Aldersfordeling		15-19	20-29	30-39	40-49	50-59	60->	Tot.
Askvoll		0	1	2	4	4	40	51
Fjaler		0	1	0	1	2	2	6
Hyllestad		0	0	0	0	0	6	6
Totalt A		0	2	2	5	6	48	63
BLAD B								
Aldersfordeling		15-19	20-29	30-39	40-49	50-59	60->	Tot.
Askvoll		5	43	36	23	28	19	154
Fjaler		1	13	1	2	1	1	19
Hyllestad		3	0	2	2	2	1	10
Totalt B		9	56	39	27	31	21	183
Totalt A og B		18	58	41	32	37	69	246

Fig. 1


Utviklinga i antal fiskarar dei siste 10 åra. Kun tilgjengeleg statistikk for Askvoll kommune (tala er ved starten av kvart år).

Årstal:	1982	1984	1986	1988	1990	1992
Blad A	58	57	58	57	48	40
Blad B	219	195	211	210	175	162
Totalt	277	252	269	267	223	202

Fig. 2


FISKARMANNTAL FOR ASKVOLL KOMMUNE PR. 31.12.92  
FORDELING PR. POSTNR.

Antal fiskarar på blad A og B	
6970 Stongfjorden	9
6976 Kvammen	13
6980 Askvoll	7
6982 Holmedal	3
6983 Kumle	22
6985 Atløy	26
6986 Værlandet	36
6987 Bulandet	70
<b>Totalt antall</b>	<b>186</b>




FISKARMANNTAL FOR FJALER KOMMUNE PR. 31.12.92  
FORDELING PR. POSTNR.

Antal fiskarar på blad A og B	
6810 Dale	2
6995 Hellevik	5
6994 Fure	2
6990 Korssund	10
6820 Flekke	1
6828 Straumsnes	3
<b>Totalt antal</b>	<b>23</b>



FISKARMANNTAL FOR HYLESTAD KOMMUNE PR. 31.12.92  
FORDELING PR. POSTNR.

Antal fiskarar på blad A og B	
5940 Leirvik i Sogn	1
5942 Hyllestad	9
5944 Sørbøvåg	5
<b>Totalt antal</b>	<b>15</b>



Statistikken ovanfor er frå fiskerirettleiarkontoret sitt eige register og tala er noko ulike i høve statistikken frå Fi  
Årsaka til dette er uklar, men må truleg ligga i registeret til Fiskeridirektoratet.

Som ein kan sjå i statistikkane framfor (fig. 1) skiljer Bulandet seg klart ut med størst antal fiskarar. Bulandet og Værlandet er og svært avhengig av dei arbeidsplassane som kjem frå fiske. Der er få (om nokon i det heile) andre yrker enn fiske som kan oppretthalda busetnaden på desse plassane.

Når ein ser på den generelle utviklinga i fiskarmannatalet frå 1982 til 1992, i Askvoll kommune, (fig. 2) viser den ein relativt klar nedgang i antal fiskarar, særleg dei siste åra.

Når det gjeld Hyllestad og Fjaler har fiskerirettleiaren få tal å laga statistikk på, då fiskarmannatalet for desse kommunane vart overført hit til fiskerirettleiarekontoret ganske nyleg (1991).

Totalt antall fiskarar i Sogn og Fjordane pr. 31.12.92 var 429 på blad A og 1185 på blad B. I fylkessamanheng har Askvoll 11,89 % av fiskarane på blad A og 13 % av fiskarane på blad B.

## 2.2 SYSELSETTING I FISKEINDUSTRIEN:

Når ein skal lage statistikkar for sysselsetjing i fiskeindustrien er det eit spørsmål om kva som skal karakteriserast som fiskeindustri. Berre ordinær fiskemottak/fiskeindustri eller skal ein også ta med slakte/pakkestasjonar for laksefisk og hermetikkfabrikkar?

I denne årsmeldinga har fiskerirettleiaren prøvd å kartlegge **alle** verksemder som arbeider med fisk, og i statistikkane for sysselsetting er desse tekne med her. Den **direkte** sysselsettinga innan fiskeindustrien 1992 vert som følgande:

### ASKVOLL

FISKEMOTTAK:	Antal årsverk
Bulandet Fiskeindustri A/S	9 (15 fast tilsette + 15 sommervikarer)
Nikøy A/S, Bulandet	1
Tviberg fiskemottak A/S, Atløy	1,5
Sundfisk A/S, Flokenes	1
<b>HERMETIKK:</b>	
Sigurd Løkeland Hermetikkfabrikk	11 (ca. 20 tilsette i krabbesesongen)
Norway Foods (nedlagt 01.01.93)	65
<b>ANLEGG FOR SLAKTING/PAKKING AV LAKSEFISK:</b>	
Landøy Fiskeoppdrett, Værlandet	0 (slakta ikkje laks i 1992)
Værøy Fiskeoppdrett, Værlandet	0 (slakta ikkje laks i 1992)
Sundfisk A/S, Flokenes	5 (ca. 12 tilsette i periodar med slakting)
Totalt antal årsverk:	93,5

### FJALER

FISKEMOTTAK/LAKSES LAKTERI:	Årsverk
Fure Edelfisk A/S, Grytøyra	0 (tok ikkje mot kvitfisk i 1992)
<b>ANLEGG FOR SLAKTING/PAKKING AV LAKSEFISK:</b>	
Fure Edelfisk A/S, Grytøyra	5
Hatløy Fiskeoppdrett A/S, Korssund	5
Totalt tal sysselsette:	10

**NB!** Antal årsverk nevnt ovanfor innan slakting/pakking av laks (5 årsverk) er eit reint gjennomsnittleg erfaringstal.

## **HYLLESTAD**

I Hyllestad var det i 1992 framleis ingen registrerte fiskemottak. Dei som er tekne med her er difor mottaks- og pakkeanlegg for laks.

	Antal årsverk
<b><i>ANLEGG FOR SLAKTING/PAKKING AV LAKSEFISK:</i></b>	
Fjordfisk A/S, Sørbøvåg	2
Leif Hatlem Fiskeoppdrett A/S, Hyllestad	5
<u>Edgar Hatlem, Sørbøvåg</u>	<u>0</u>
Totalt tal sysselsette:	7
	(slakta ikkje fisk i 1992)

## **2.3 SYSSELSETTE I HAVBRUKSNÆRINGA:**

I denne oversikta er tala for avleia arbeidsplassar **kun** rekna ut frå tala på dei som er **direkte sysselsett** i havbruksnæringa. Tala for direkte sysselsetting er frå Fiskeridirektoratet og er baserte på innsamling av statistiske opplysningar (innleverte skjema med nøkkeldata).

Kommune:	Ant. anlegg	Årsverk	Avleia verksemd
ASKVOLL	6 matf.	23	66
FJALER	5 matf.+ 1 smolt	23	66
HYLLESTAD	6 matf.+ 6 smolt	46	138
Til saman:		ca. 92	ca. 270

Fig. 3

### **Gjennomsnittlege årsverk pr. anlegg:**

Matfisk: 3,8 årsverk pr. anlegg.

Setjefisk: 3,9 årsverk pr. anlegg.

Avleia/indirekte verksemd: 3 årsverk pr. årsverk.

**NB!** Tala for direkte og indirekte verksemd innan havbruksnæringa er baserte på verdiar frå Fiskeridirektoratet for gjennomsnittlege årsverk, rekna for heile fylket.. Antal årsverk i statistikken ovanfor er difor ikkje nøyaktige tal.

Indirekte arbeidsplassar som ein følge av oppdrettsnæringa er til dømes innan transport, förproduksjon, eksportørar, produksjon og sal av nøter, tauverk, merdar og anna utstyr.

Oppdrettsnæringa kan difor kanskje seiast å være meir viktig i desse kommune enn folk flest trur med tanke på verdiskapning og arbeidsplassar.

## 2.0 FISKEFLÅTEN:

Nøkkeltal frå merkeregisteret pr. 31.12.92 (Fjaler pr. 01.04.92):

Lengde i meter	ASKVOLL	FJALER	HYLLESTAD
0,0 - 4,9	6	1	0
5,0 - 9,9	152	11	7
10,0 - 14,9	14	3	0
15,0 - 19,9	5	0	0
20,0 - 24,9	3	0	0
25,0 - 29,9	0	0	0
30,0 - 34,9	0	0	0
35,0 - 39,9	1	0	0
40,0 - 44,9	0	0	0
45,0 - 49,9	0	0	0
50,0 og over	0	0	0
Totalt:	181	15	7

Fig. 4

Tala for Askvoll og Hyllestad er baserte på statiskk frå Fiskeridirektoratet. Dei statistiske opplysningane om merkeregisteret for Fjaler er henta frå "Register over merkepliktige norske fiskefarkoster" då fiskerirettleiaren enno ikkje har fått tilsendt desse tala frå Fiskeridirektoratet.

Dersom ein ser på merkeregisteret i Askvoll som har den største fiskeflåten, kan det nevnast at det er ein svak nedgang i antal fartøy. **181** i 1992 mot **187** i 1991.

Alder på fiskefartøya i Askvoll kan visast på denne måten:

Lengde	Før 1939	1940-49	1950-59	1960-69	1970-79	1980-84	1985-89	Et. 1989
0,0 - 4,9					4		1	
5,0 - 9,9	7	8	22	34	24	36	9	1
10,0 - 14,9	3	1		2	4	2	2	
15,0 - 19,9		1	1	1	1	1		
20,0 - 24,9			1	2				
25,0 - 29,9								
30,0 - 34,9								
35,0 - 39,9								
40,0 - 44,9								
45,0 - 49,9								
50,0 og over								
	10	10	25	39	33	39	13	1

Fig. 5

I tillegg til fartøya ovanfor er det 11 fartøy frå 5,0 - 9,9 meter som har ukjent alder.

## Fartøy med kvote for fiske etter torsk i 1992 (nord for 62 gr.n.br.)

### FARTØY

SF-6-A "SJØVÆR", Bulandet  
SF-23-A "STORØY", Stongfjorden  
SF-147-A "BUEFJORD", Bulandet  
AS-210-A "HEGGØY JR.", Atløy  
SF-300-A "GOLDEN DOLLAR", Bulandet  
SF-333-A "TJELLNES", Værlandet  
Til saman

### KVOTE i 1992

149,8 tonn
22,3 tonn
64,8 tonn
89,3 tonn
89,3 tonn
<u>58,3 tonn</u>
<u>478,3 tonn</u>

Askvoll kommune fekk tildelt ei ny rekkrutteingskvote på torsk i 1992 og den gikk til SF-210-A "HEGGØY JR." Antall tonn pr. båt vist ovanfor er i rund vekt ifølge J-59-92 (forskrift).

## Fartøy over 13 meter. Grov oversikt over fiskeriaktivitet i 1992.

SF-6-A "SJØVÆR" - Autolinefiske. Einaste havgåande linebåt i Askvoll.  
SF-97-A "BASTVIK" - Kystfiske.  
SF-50-A "VESTØY" - Kystnot. Fiske med not etter sild, makrell og sei/pale.  
SF-68-A "EIME" - Vart registrert i Askvoll på slutten av året. Kystfiske med garn etter torskefisk og pigghå.  
SF-97-A "VESTERVON" - Kystnot. Fiske med not etter sild, makrell og sei/pale.  
SF-147-A "BUEFJORD" - Kystfiske med garn og not. Har torskekvote.  
SF-148-A "GRETA ELIN" - Fiske med not etter brisling.  
SF-210-A "HEGGØY JR." - Notfiske etter brisling og kystfiske med garn/not etter sild, makrell og sei. Fekk torskekvote i 1992.  
SF-220-A "HILLERSØY" - Kystnot. Fiske med not etter sild, makrell og sei/pale.  
SF-300-A "GOLDEN DOLLAR" - Kystnot. Fiske med not etter sild, makrell og sei/pale. Har i tillegg torskekvote.  
SF-333-A "TJELLNES" - Kystfiske med garn og line etter torskefisk og pigghå. I tillegg makrelldorging i sommarsesongen. Har torskekvote.

Det var i 1992 ingen merkeregistrerte båtar over 13 meter i Hyllestad og Fjaler.

## **4.0 FISKEINDUSTRIEN:**

Det var i 1992 ingen endringar i struktur og plassering på mottakssida frå 1991. Fure Edelfisk A/S tok ikkje mot kvitfisk i 1992 i motsetning til året før.

### **Foredlingsanlegg i Askvoll:**

#### **A/S Nikøy, Bulandet**

Fiskemottaket A/S Nikøy tok i mot fangstar frå lokale båtar/sjarkar. Storparten av fangsten vart isa i kasser og sendt til Bergen med fiskefrakteruta “ARNØYSTEIN”.

#### **Tviberg Fiskemottak A/S, Atløy**

På same måte som A/S Nikøy tok dei i mot fangstar frå mindre fiskebåtar i distriktet. Fisken vart isa i kassar og sendt til Bergen med “ARNØYSTEIN”.

#### **Sundfisk A/S, Flokenes**

Nils Sund har eit kombinert lakseslakteri og fiskemottak på Flokenes, som var i drift på same måte som før. I tillegg til slakting av laks vart det også landa fisk frå lokale båtar. Både laks og anna fisk isa i kasser vert send med “ARNØYSTEIN”.

#### **Bulandet Fiskeindustri A/S, Bulandet**

Tok i mot sild og levande sei/pale for filétproduksjon. Produkta deira vart solgt til Hallvard Lerøy A/S i Bergen for vidaresalg på innanlandsmarknaden. Dei kjøpte i 1992 ei sjaktelakkemaskin som gjorde at dei kunne levere vacumpakka seifilet i pappemballasje.

### **Foredlingsanlegg i Fjaler:**

#### **Fure Edelfisk, Grytøyra**

Det vart i 1992 ikkje teke mot kvitfisk frå lokale fiskebåtar/sjarkar på Fure Edelfisk. Anlegget vart difor hovudsakleg brukt til slakting/pakking av laks.

I Hyllestad var det i 1992 framleis ingen foredlingsanlegg/mottak for kvitfisk.

## **5.0 RÅSTOFFSITUASJONEN/ILANDFØRT KVANTUM:**

Totale leveringar av fisk i 1992.

<b>ASKVOLL</b>			
Fiske slag:	Ferskvekt	Rundvekt	Førstehandsverdi
Kveite	430	581	14599,-
Anna flyndre	3097	3716	29010,-
Brosme	23351	32691	177622,-
Anna torsk	26804	40206	340068,-
Lysing	5521	7729	93000,-
Lange	64511	90316	759308,-
Blålange	11615	16261	92868,-
Hyse	6817	9544	67415,-
Sei	785189	1060005	2691583,-
Lyr	36645	47639	283979,-
Kviting	189	264	1142,-
Steinbit	523	862	5031,-
Uer	8330	13745	52304,-
Breiflabb	1617	4528	69658,-
Sild	79	79	156,-
Makrell	40998	40998	105655,-
Håbrann	57	74	1105,-
Pigghå	118482	154027	518607,-
Skate/rokke	3098	3098	8225,-
Krabbe	49650	49650	315670,-
Hummer	680	680	65152,-
Sjøkreps	633	633	24622,-
Reke	1390	1390	26222,-
<b>Totalt i tonn og kr.</b>	<b>1191,5</b>	<b>1580,6</b>	<b>5812102,-</b>

Fig. 6

Kjelde: Fiskeridirektoratet sitt statistikkontor. Tala er basert på opplysningar frå Vestnorges Fiskeusalgsdag. (Kvantum i kg og tonn). I Hyllestad og Fjaler vart det ikkje motteke kvitfisk i 1992.

Fisken i tabellen ovanfor (fig. 6) vart med få unntak fersk og isa til Bergen med frakteruta "Arnøystein". Eit av desse unntakta var sei/pale som hovudsakleg gjekk til filetproduksjon ved bedriften Bulandet Fiskeindustri A/S. Det er då snakk om notfanga og låssatt levandesei. Verdiane for sei i fig. 6 gjeld både pale(notsei) og storsei.

Statistikken ovanfor viser ein reduksjon i mengde levert fisk samanlikna med året før. I 1991 vart det levert totalt 1505,7 tonn til ein førstehandsverdi av 7,5 millionar kr. I 1992 vart det altså levert 1191,5 tonn til ein førstehandsverdi av 5,8 millionar kr. **Ein nedgang på 311,2 tonn.**

## **6.0 HAVBRUKSNÆRINGA:**

Oversyn over tal matfiskkonsesjonar for laksefisk i desse kommunane og samla volum:

### **ASKVOLL**

	<b>Volum</b>
Vilnes Fiskeoppdrett A/S, 6985 Atløy	5000 m <sup>3</sup>
Værøy Fiskeoppdrett A/S, 6986 Værlandet	12000 m <sup>3</sup>
Landøy Fiskeoppdrett A/S, 6986 Værlandet	12000 m <sup>3</sup>
Flokenes Fiskefarm A/S, 6976 Kvammen	12000 m <sup>3</sup>
Sund Fisk A/S, 6976 Kvammen	12000 m <sup>3</sup>
Sandøy Fiskeoppdrett A/S, 6987 Bulandet	12000 m <sup>3</sup>
<b>Sum</b>	<b>65000 m<sup>3</sup></b>

### **FJALER**

Gjølanger Fisk A/S, 6995 Hellevik	12000 m <sup>3</sup>	+ kons. for 1.000.000 settefisk
Sessalaks A/S, 6995 Hellevik	12000 m <sup>3</sup>	
Hatløy Fiskeoppdrett A/S, 6990 Korssund	12000 m <sup>3</sup>	
Lammetun Fiskeoppdrett A/S, 6990 Korssund	12000 m <sup>3</sup>	
Sandnes Fiskeoppdrett A/S, 6994 Fure	12000 m <sup>3</sup>	
<b>Sum</b>	<b>60000 m<sup>3</sup></b>	

### **HYLLESTAD**

Fjordfisk A/S, 5944 Sørbøvåg	12000 m <sup>3</sup>	+ kons. for 130.000 settefisk.
Hatlem L. Fiskeoppdrett A/S, 5942 Hyllestad	12000 m <sup>3</sup>	
Edgar Hatlem , 5944 Sørbøvåg	12000 m <sup>3</sup>	+ kons. for 20.000 settefisk.
Aris Fiskefarm A/S, 5942 Hyllestad	12000 m <sup>3</sup>	+ kons. for 400.000 settefisk
Port Salar A/S, 5944 Sørbøvåg	12000 m <sup>3</sup>	
Sognelaks A/S, 5942 Hyllestad	12000 m <sup>3</sup>	
<b>Sum</b>	<b>72000 m<sup>3</sup></b>	

Totalt volum i Askvoll, Fjaler og Hyllestad 197000 m<sup>3</sup> (dette gjeld oppdrett av laksefisk)

Det var i 1992 **to** konsesjonar for settefisk i Hyllestad, i tillegg til dei som er nevnt ovanfor. Dette er Ulvik Settefiskanlegg med 400.000 stk. og Hatlem Aquafarm A/S med 150.000 stk. Samla i 1992 var det i Hyllestad konsesjonar for produksjon av 1.100.000 settefisk.

Når det gjeld konsesjonar for oppdrett av andre arter enn laks og aure, er det hovudsakleg snakk om *konsesjonar* for oppdrett av torsk. Pr. 31.12.92 var følgande konsesjonar gjeldande:

### **ASKVOLL**

	<b>Volum:</b>
Sund Fisk A/S, 6976 Kvammen	5000 m <sup>3</sup>
Are Fisk A/S, 6987 Bulandet	1000 m <sup>3</sup>
Nikøy Petter, 6987 Bulandet	1000 m <sup>3</sup>
Stongfjord Marinefarm, 6970 Stongfjorden	1000 m <sup>3</sup>
Norøy Sus., 6987 Bulandet	4000 m <sup>3</sup>
<b>Sum</b>	<b>12000 m<sup>3</sup></b>

### **HYLLESTAD**

Nesneset fisk	1000 m <sup>3</sup>
Samla volum for 1992 i Askvoll og Hyllestad	13000 m <sup>3</sup> (oppdrett av andre arter enn laks og aure).

I **Fjaler** var der i 1992 ingen som hadde konsesjon på oppdrett av andre arter enn laks og aure.

Antal anlegg i drift i 1992 og samla produksjon av laks og aure:

	Ant. kons.	Prod (tonn)		Verdi (mill. kr.)		Gj. pris (kr.)	
		laks	aure	laks	aure	laks	aure
<b>ASKVOLL</b>	5	911		27,9		30,61	
<b>FJALER</b>	3	745	30	24,4	0,7	32,81	22,34
<b>HYLLESTAD</b>	6	1027	22	29,5	0,4	28,69	20,00

Fig. 7

Kjelde: Fiskeridirektoratet

Til samanlikning kan ein nevna at gjennomsnittleg pris (basert på førstehandsverdi) i heile fylket er 28,20 kr/kg for laks og 21,40 kr/kg for aure. Dette er i følge oppgaver sendt til Fiskeridirektoratet.

Produksjonskostnad i kr. pr. kg. for heile landet ifølge "Lønnsomhetsundersøkelse for matfiskanlegg i 1992" utarbeidd av Fiskeridirektoratet:

	1988	1989	1990	1991	1992
Smoltkostnad	7,64	5,29	5,05	4,79	4,86
Forkostnad	10,92	12,70	12,98	11,78	12,14
Forsikringskostn.	1,01	1,07	1,12	0,94	0,88
Lønnskostnad	3,37	3,17	3,31	3,18	3,37
Andre driftskostn.	3,69	4,33	3,16	4,23	4,71
Rentekostn. (netto)	2,54	3,06	3,30	3,29	2,67
<b>PROD.KOSTN. PR. KG.</b>	<b>29,17</b>	<b>29,62</b>	<b>28,92</b>	<b>28,21</b>	<b>28,63</b>
(For Sogn og Fjordane)	28,45	26,68	25,77	29,49)	

Fig. 8

Kjelde: Fiskeridirektoratet

Tabellen ovanfor (fig. 8) er berre teken med for å gi eit samanlikningsgrunnlag når det gjeld lønnsemnda i oppdrettsnæringa.

## 7.0 ANDRE OPPLYSNINGER

I samband med utarbeiding av ein kystsoneplan for Askvoll kommune har det vore arbeidd for å sikre oppdrettarane sine moglegheiter for stabil drift. Dette betyr med andre ord fleire lokalitetar/område for oppdrett og minst ein beredskapslokalitet som skal kunne disponerast i krisetilfelle.

Beredskapslokalitetar vil seie at kommunen i praksis søker om konsesjon på utvalgte lokalitetar. Ved ein krisesituasjon (oljesøl, sjukdom, havari osb.) er det meininga at oppdrettaren søker kommunen om å få disponere lokaliteten på midlertidig basis (1 generasjon). Signal frå veterinærmyndighetene tyder på at eit forbod mot utsetting av smolt innan ein radius på 3-4 km. kan verta innført som fast praksis ved utbrot av alvorlege sjukdomar som til dømes ILA. Dette gjer ordninga med beredskapslokalitetar endå meir aktuell.

Eit samarbeid mellom Fjaler og Askvoll vart også "lufta" med miljøvernleiarane og oppdrettarane i 1992. Dette pga. få moglege beredskapslokalitetar i Dalsfjorden. Fiskerirettleiaren håper på å få dette arbeidet vidareført i løpet av 1993.

I Hyllestad vart det også arbeidd blant oppdrettarane for å få kartlagt område til alternative lokalitetar og beredskapslokalitetar i 1992. I denne samanhengen må arbeidet som tidlegare har vore gjort i Gulen reknast som banbrytande på dette feltet.

Både i Hyllestad, Askvoll og Fjaler er planen at arbeidet mot å få til meir permanente ordningar med beredskapslokalitetar skal vidareførast i 1993. Fiskerirettleiaren ser det ellers som eit mål at alle oppdrettarane skal ha 3 lokalitetar (minimum 2) for å gjere det mogleg å drive såkalla "generasjonsdrift".

Næringskontoret i Askvoll 27.10.93

Fiskerirettleiaren



Eivind Aarseth